Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

| | | | |
|---|---|---|---|
| Emnenr. | 18 | Fylke: | Møre |
| Tilleggsspørsmålnr. | | Herad: | Volda-Dalsfjord |
| Emne: | Juletre og julehalm. | Bygdelag: | Ulvestad |
| Oppskr. av: | Ragnhild Ulvestad | Gard: | Ulvestad |
| (adresse): | Fossveien 5 III Oslo | G.nr. 160 | Br.nr. 2 |

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Juletred og julehalm.

1) No er juletred heilt almindelig.

2) Mine foreldre hadde alltid juletred. Eg hugsa at dei andre og, i garane, som me sa, kunne berre ha eit par grangreiner på veggen som var pynta. Eller dei som hadde røykstovene, pynta heile beten med grangreiner og klipte kulørt papir til roser.

3) Mor var det som byrja med juletred på skulen. Læraren bodde hjå oss lenge før eg var fødd og til eg var i øverste kl. då han vart sjuk. Ein av brørne mine gjekk rundt heile bygda for å samle inn penger til litt mat til borna eller til pynt. Dette gjorde han i mange år. Det var visst o. 25 øre for kvart barn av dei som ville vere med.

4) Det var gran ein pynta med til jul. Så dørhella hadde ein alltid gran til å trakke av seg på. Lampane vart pynta med papir og raudt papir i oljen.

5) På små flate kråhille vart set slikt som Gledelig jul eller anna ord. Det var utskjert i papp og lysti igjennom raudt papir, med eit ljos som stod bak. Dette var og brukt på

3894

skulen.
6) På skulen hadde me stort juletre; men heime var det 2,5 m.
7) a) Det var pynta med bomull, glitter, kuler i alle kulører, kurver av papir og handlaga roser, stundom også bakelse i mange slags figurar. Ja eg hugsa ein stor bukk som eg fekk av læraren, og den åt a meg, for det eg var redd. b) Lys hadde me på juletreet, rifla i alle slags farga.
8) Borna var det som pynta juletreet. Eldste bror min var meister å pynte. Mor passa steika og far ordna med forskjellig.
9) Treet stod fritt på golvet, men dagen flutte me det litt til sides stundom.
10) Um julekvelden måtte me gå rundt treet både fyre me åt steika og etter. I jula kunne me tende ljoset på treet mange gonger, når som helst at me hadde lyst til det um kveldane og me sang.
11) Me kunne uten at alle salmer i salmeboka (julesalmer)
12) Kyndelsmiss - Knut drive jula ut, sa me.
13) Me tok berre ut juletreet.
14) Det vart brukt gran til juletre.
15) Til samme tider såg eg, at det var ein mann som reiste rundt å ville selge juletre laga av streng; men eg såg ingen som brukte det.
16) Nedanfor hagen hadde me 5 store rognar som stod i ei rekke og til høgre hjørnet av hagen stod 3 store graner. Nedanfor nystova ei bjørk. Juleneget feste me på ei stang og batt til eit av disse trei.

3894

1) Eg kann ikkje hugse eller høyrt gjete at det vart brúka halm på golvet um julekvelden. Men eg hugsar att alle sengar fekk ny halm og det var so høgt at ein med slit å møye kunne koma seg uppi.
2) Då var halmen bunden i store vandler. for å bere den inn.
3) Då la ein halmen i sengane. Greide so godt utyver som ein kunne.
4) Ein sov då i sengane på halmen. for at det var slik ein brukte det.

3894

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING